

# Foreldreinfo august 2023

## FAU/SU/SMU

Første FAU-møte blir den 7.september på personalrommet på ungdomstrinnsbygget. Vel møtt til både nye og drevne foreldrekontaktar!



## BliME-dansen 2023

Vikeså skule dansar med 1.-10.trinn den 22.september før me går opp på marken. Elevane kan øva på dansen heime, videoar ligg på NRK Super.

Me bruker og dansen som utgangspunkt på fokus på godt læringsmiljø, så dei får øvd mykje på skulen!

## Innsamlingsaksjon på skulen

Kvart 3. år har skulen innsamlingsaksjon. Vi vil i år samla inn til TV-aksjonen 22.oktober. Her kan vi støtta Redd Barna i arbeidet for barn i krigsramma områder. Meir info kjem.



## Trygt og godt skolemiljø



Alle elevar har ein lovfesta rett til å ha det trygt og godt på skulen. Det samarbeider me med heimane om. Elevane treng kvarandre, dykk heime og oss vaksne på skulen for å laga gode *røter og vinger*. Snakk gjerne om inkludering heime rundt middagsbordet, og vis at de vaksne bryr dykk om heile flokken på dei enkelte trinna.

Me har nulltoleranse for mobbing på skulen. Samtidig er det er levande menneske me arbeider med, som skal forhalda seg til mange andre. Det kan oppstå tilfeller der elevar opplever å ikkje ha det trygt og godt, men då skal de vera trygge på at me tek tak i dette. Om de opplever å ha eit barn som ikkje har det trygt og godt på skulen ber me om at de tek kontakt med oss slik at me saman kan finna fram til dei beste tiltaka for å betre situasjonen. På lik linje vil me kontakta dykk heime om me ser noko på skulen som gjer oss bekymra.

Skulle det skje at du opplever at skulen ikkje gjer nok for å hjelpe barnet ditt, kan du klaga til statsforvaltaren i Rogaland som vil bistå i saka. De finn meir info om lovtekst og klagerett [her](#) eller om de trykker på denne knappen:

## Bli kjent tur 3.-7.trinn:



**NULLMOBBING**

Velkommen til nytt skuleår! Det er alltid godt å få elevane tilbake i bygga. Vikeså skule har no 282 elevar til saman, og 10 elevar frå Ukraina på ulike trinn. Veldig kjekt å sjå at dei finn seg til rette blant resten av elevane våre. Hugs og å inkludere nye Bjerkreimsbuar i foreldregruppa, om dei er frå Ukraina eller andre stader i Noreg og verda. Som stripa under viser; eit lite ord kan bety mykje, både for vaksne og barn!

Ny vanndispensar på ungdomstrinnet er stas, og som venta er det plutsleig ekstra stas å drikka «rett ut av kranen» og henta seg vatn i flasker. Me minner elevane på skikkeleg bruk, og håpar at sør og feil bruk avtek etter kvart slik at me slepp å fjerna maskina att.

Me har 10 nye tilsette i år, elevane fekk helse på dei fleste første skuledag på samlinga i gymsalen. Det er eit nydeleg øyeblikk når 1.trinnselevane får visa seg fram for skulen og vinka til dei eldre elevane. Det er mykje positivt med å vera ein 1-10 skule!

Me ønsker kvarandre eit godt skuleår, både som tilsette og som føresette. Me vil gjerne høre frå dykk om de har spørsmål eller tilbakemeldingar! Lukke til på foreldremøta som blir i løpet av september.

Mvh

Svanhild Gjedrem

rektor

